

Tinn kommune
Sentralarkivet
Postboks 14
3661 Rjukan

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Svar på høyring av melding om Urdalen minikraftverk

På side to følger et brev eller en faktura fra Tinn kommune.

Til deg som mottar dette brevet/fakturaen på papir, visste du at dette kunne du mottatt digitalt i din innboks i Altinn i samme øyeblikk som saksbehandler sendte brevet?

Dersom du logger deg inn på www.altinn.no og registrerer ditt mobilnummer og e-postadresse på "Min profil", "Mine innstillinger – meg selv", vil du heretter motta varsel på SMS og e-post når du får ny post fra Tinn kommune i Altinn.

For virksomheter er det daglig leder som vil få varsel på SMS og e-post om at det er kommet post fra Tinn kommune til virksomhetens Altinn konto. Dersom daglig leder ønsker å delegerer myndighet til å lese virksomhetens post i Altinn, finnes det en veileder på Tinn kommunes hjemmesider for dette.

Se <http://www.tinn.kommune.no/tjenester/selvbetjening> og velg Digital post i venstremenyen.

Veien til raskere, enklere og sikrere samhandling med Tinn kommune.



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Att.: Silje Aakre Solheim

Deres ref:
201403782-2

Vår ref
2014/3622-5

Saksbeh:
Dagfinn Jaren, tlf.35 08 28 21

Arkivkode:
S11

Dato:
14.10.2014

Svar på høyring av melding om Urdalen minikraftverk

Vi viser til motteke høyringsbrev med vedlegg. Tinn kommune er bedden om å informere om kjende allmenne interesser som blir berørt av tiltaket og eventuelt andre faktiske tilhøve som kan påvirke gjennomføringa. Dei ulike momenta som vedrører naturmangfaldet er skildra ut frå dokumentert kunnskap og vurderingar frå lokalkjende, jf. nml § 8.

Planstatus

Området inngår i eit stort samanhengande LNF-område i gjeldande kommuneplan. Det er ikkje i det aktuelle området fastsett føresegner som gjev høve til spreitt utbygging verken til heilårsbustader eller fritidsbustader.

Friluftsliv

Den aktuelle elvestrekningen er, så langt vi har kjennskap til, lite nytta til allmenne friluftsmål. Strekinga nedstrøms planlagt kraftstasjonen og ned til Tinnsjøen ved Urdalsstøe har nok større verdi, både pga. atkomsten til sjøen og eksisterande tilrettelegging med godt kjørbar skogsbilveg. Her finn ein også ein velkjend beverlokalitet for den som ønskjer å oppleve denne arten.


Kulturminne

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne i influensområdet. Nyare kulturminne finst det naturleg nok knytt til tidlegare drift og busetnad på gardane og stigar og klopper til eigedomane med ulik alder og kvalitet.


Jord- og skogbruk


Røyrtraseen vil krysse nedkant av overflatedyrka jordbruksareal tilhøyrande Negarden Urdalen. Røyrtraseen vil også delvis følgje eksisterande traktorveg som går på austsida av Urdalsåe. Vegen har m.a. funksjon som atkomst til produktive skogareal.

Ved drift av jord og skog må ein pårekne bruk av traktor og andre tyngre terrenggåande maskiner. Desse kan skade nedgrave trykkrovr viss det er for dårleg overdekking. Det er viktig å planlegge tiltaket i lys av dette for å unngå at røyret skal kunne verke som ei vesentleg barriere for atkomst til areala. Vi går ut frå at dette er problemstillingar som lar seg løyse i dialog mellom tiltakshavar og organet som behandlar byggesøknaden.



Det framgår av dei to kartutsnitta som viser markslagsfordelinga frå 1974 (over) og dagens tilstand (under), at jordbruksarealet er sterkt redusert i perioden. Dette skyldast opphøyr av busetnad og drift, og i staden har beveren etablert seg i vassdraget og forsumpa dei lågareliggende jordbruksareala. Mellom anna gjeld dette området for bygging av kraftstasjon, som er endra frå fulldyrka B-jord til lauvskog av høg bonitet, men i enda større grad gjeld det naboeigedomen Haugen der det ikkje lenger er registrert dyrka areal.





for inntaksdam, er registrert som yngleområde for jerpe.

Eksisterande vassuttak

Vi er ikkje kjende med vassuttak som blir berørt av tiltaket.

Med helsing

Dagfinn Jaren
Enhetsleder

Brevet er signert og godkjent elektronisk og inneheld difor ingen signatur.

Verdifulle naturtypar

Kommunen har ikkje opplysningar om verdifulle naturtypar i influensområdet utover det som er skildra i vedlegg til konsesjonssøknaden. Ein naturtype (DN handboka) D12 Store gamle trær er registrert ned for Øvre Urdalen 165/3. Denne inngår også som utvalt MIS-område og forutsettast forvalta som det i samsvar med skogbruksplan. Det same gjeld utvalde MIS-område på naboeigedomen 165/10.

Raudlista artar

Kommunen har ikkje opplysningar om raudlista artar utover det som er beskive i vedlegg til konsesjonssøknaden.

Viltområde

I viltområdekart (brun skravur) er Urdalsgrenda vist som beiteområde for hjort. Eit område sørover frå Kasin, aust

Kopi til:

Christopher Carlsen Gamle Bævergrendvei 18 3611 KONGSBERG

Rune Lødøen

Bjørn Bjørnsen

Liv Rigmor Flå

Oddmund Olesrud